

Reguleringsføresegner til reguleringsplan for Holmen,
Ulvik herad.

§ 1

Det regulerte området er vist med reguleringsgrense på planen.

§ 2

Arealet innanfor reguleringsgrensa er regulert til:

A Byggjeområde

1. Offentlege formål

B Trafikkområde

1. Køyrevegar
2. Gangvegar

C Friområde

1. Friområde (Park/turveg/leik/idrett/sport)

D Fareområde

1. Kraftline

E Spesialområde

1. Tømmervelteplass/Almenning
2. Tømmerløype

§ 3

I tillegg til føresegnene for dei enkelte områda kjem fellesføresegner som gjeld heile reguleringsområdet.

A BYGGJEOMRÅDE

§ 4

Offentleg bygg til kulturformål (inkl. idrettshall) skal byggjast innanfor byggjelina. Bygget skal tilpassast landskapet og eksisterande bygg i nabolaget.

§ 5

Fellesføresegner for byggjeområda.

Før det blir gjeve byggjeløyve, skal det utarbeidast detaljplanar som skal godkjennast av bygningsrådet etter at fylkesmannen har sagt seg einig.

B TRAFIKKOMRÅDE

§ 6

Køyrevegar med siktliner, parkeringsplass og avkøyringar er viste på planen.

§ 7

Gangvegane skal vera køyrbare for vedlikehaldstrafikk.

§ 8

Eksisterande fylkesveg Lekve - Rondestveit skal nyttast gjennom området inntil ny fylkesveg er bygd og godkjend.

C FRIOMRÅDE

§ 9

Friluftsområdet skal innehalda idrettsanlegg med friidrettsstadion og fotballbane med tribune, eit parkmessig område for allsidig bruk, og skjermende vegetasjon mot trafikkerte vegar.

Ved detaljutforminga skal det leggjast vekt på at området vil gi eit rikt og variert aktivitets- og rekreasjonstilbod.

E SPESIALOMRÅDE

§ 10

Tømmervelteplass - Almanning.
Området er ca. 8 da stort.

§ 11

Tømmerløype skal gå frå tømmervelteplass og knytast til eksisterande skogsveg.

FELLESFØRESEGNER

§ 12

Gjeldande almenningsrettar må stå ved lag.

§ 13

Ulvik Skogeigarlag sine avtalat om opplagsplass og utskipningskai skal stå ved lag.

§ 14

Eksisterande vegetasjon skal i den grad det er mogeleg vernast.

§ 15

Ved detaljutforming av området skal leggjast vekt på ein god landskapsmessig tilpassing til omgivnadane.

§ 16

Det må ikkje etablerast private servitutt som strir mot desse føresegnene.

§ 17

Unntak frå desse føresegnene kan om ein finn særleg grunn for det gjerast av bygningsrådet innanfor den ramma som bygningslova og bygningsføresegnene for kommunen set.

Ulvik, 06.02.85



TEIKNFORKLARING
 §4. §25 REGULERINGSPORMAL

- 1 BYGGDOMRÅDE
- offenlege bygg til kulturformål
- naust

- 2 LANDBRUKSOMRÅDE

- 3 TRAFIKKOMRÅDE
- køyreveg
- gangveg

- 4 FRIDOMRÅDE
- park, turveg, anlegg for lek, idrett, sport

- 5 FAREOMRÅDE
- kroftline

- 6 SPESIALOMRÅDE
- tømmervetteplass / almenning
- tømmerbyrpe

- §26 ANDRE BESTEMMELSER
- telles avkjøring/ parkeringsplass

STREKSMBOL

- reguleringsgrense
- grense for reguleringsformål
- byggesgrense
- frisisikline
- sentrertline regulert veg

- planlagte bygg
- eksisterende bygg
- sjo

ULVIK HERAD

REGULERINGSPLAN, HOLMEN

sakshandsomning

bygningssakssaks vedtak	58.59/95	18.08.1995
utlegg til offentlig etatsyn		
kommunestyres vedtak		
stadfestas av		

SSJ
 SKJOLD-SKGRØY-TORPE AS
 Landskapsarkitekter munnla
 Strand 327 -4000 Stavanger

Prosjektart:	ST	Tegnert:	KF
Mål:	1:1000	Stavanger,	14.08.84.
Tegning nr:	2276	Kort:	01.02.85 07.02.85 05.07.85 28.08.85
	06		



